

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
FAST UTVAL FOR PLANSAKER	21.05.2019	043/19

Saksansvarleg: Rådmann Åse Elin Hole

Saksbehandlar: Ole Marius Sve Hagen

Arkiv: K2 - L13

Arkivsaknr 19/18

Oppstart av detaljregulering av motocrossbana på Engeset

Rådmannen si tilråding:

Stranda kommune vedtek å starte opp detaljregulering av motocrossbana på Engeset som vist på vedlagt kart, med føremål å leggje til rette for ein framtidretta bruk av anlegget.

Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-8.

21.05.2019 FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Elisabeth Opsvik sin habilitet vart vurdert og funnen habil i saka.

Vedtak samrøystes

PLA- 043/19 Vedtak:

Stranda kommune vedtek å starte opp detaljregulering av motocrossbana på Engeset som vist på vedlagt kart, med føremål å leggje til rette for ein framtidretta bruk av anlegget.

Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-8.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Stranda motorsportsklubb (SMK) har i mange år fått løyve til å ta i bruk baneanlegget på Engeset ved å søkje om dispensasjon frå kommunedelplanen for Strandadalen og frå reguleringsplan for Fursetøyane. Dispensasjon har vore gjeve for inntil 3 år om gangen. Vilkår i dispensasjonsvedtaket i planutvalet datert 12.05.2016, saks nr. 037/16 står der at dersom bruken skal utvidast utover dette, må dette avklarast gjennom ei regulering.

Kommunen har sagt seg villig til å ta på seg reguleringsarbeidet då motocrossklubben er dugnadsbasert og ikkje har midla til å koste regulering av området sjølv.

Saksopplysningar

Motocrossbana ligg ovafor eit massetak som vart drifta av Opshaug Sandtak AS. Tilkomstvegen frå fv.

81 Fursetvegen vert nytta som tilkomstveg til motocrossbana. Det går kommunale vassleidningar nord for crossbana, klubbhuset er tilkopla kommunal vassleidning medan avlaup går i tett tank. Saka har vore ute på anbod og val av tilbydar er gjort. Detaljreguleringsplanen er tildelt plan ID – 2019002.

Ny oppstart:

Ein har valt å gjere endringar i plankartet ved å trekke det ut av massetaket og heller utvide mot aust. Bakgrunnen for dette er at ein ville gå vekk i frå masseuttaket og inn i eit tilsvarande flatt område der ein tenkjer å regulere inn offentleg parkeringsplass. På denne måten vil det verte mogleg å leggje til rette for det parkeringsarealet som er nødvendig ved arrangement ved motocrossbana, samtidig som ein legg til rette for andre som ynskjer å parkere i området. Dette gjer det naudsynt med nytt varsel om oppstart.

Vurdering

Ei regulering av anlegget vil vere eit viktig tiltak med tanke på tilrettelegging for brukarane av anlegget. For å sikre god framdrift med planarbeidet har ein berre teke det som er naudsynt for motocrossbana, dvs. naudsynt areal til dette inkluderer tilkomstvegen frå fv. 81 og areal til parkering aust for anlegget. Planprosessen skal nyttast på ein slik måte at ein prøvar å finne gode løysingar, og administrasjonen rår til oppstart av planarbeidet med heimel i PBL § 12-8.

Vedlegg:

Dok.dato:	Vedlegg:	Dok.ID
13.05.2019	RPgrense	251802
13.05.2019	Ny oppstart_flyfoto	251801

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

*